

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer

FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 10.02.2016

SAKSHANDSAMAR: Administrerende direktør Jannicke Daae Tønjum, Helse vest Innkjøp

SAKA GJELD: **Endring av Helse Vest Innkjøp HF sine vedtekter**

ARKIVSAK: 2015/1486

STYRESAK: **032/16**

STYREMØTE: **29.02.2016**

.....

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Vedtektene til Helse Vest Innkjøp HF blir endra i tråd med saksførelegget
2. Endringane skjer ved at Helse Vest RHF som eigar, gjer vedtak i føretaksmøte til Helse Vest Innkjøp HF 01.03.2016

Oppsummering

I samband med val av tilsettere representantar til styret i Helse Vest Innkjøp HF som skjer i mars 2016 blir det gjort framlegg om å endre vedtektene til føretaket ved å fjerne formuleringa der det går fram at tenestetid for tilsettere representantar er to år, jf. vedtektenes § 7, 4. ledd.

Fakta

Tenestetid for tilsettere representantar er to år, jf. *Forskrift til helseføretakslova om dei tilsette sin rett til representasjon i dei regionale helseføretaka og helseføretaka sine styre (FOR-2002-11-15-1287) § 12.*

I vedtektene til Helse Vest Innkjøp HF står følgjande i § 7, 4.ledd om styret:

«Styremedlemmer har teneste i to år med mindre anna er bestemt av føretaksmøtet»

Kommentarar

Ved at Helse Vest Innkjøp HF gjennomfører val av tilsettere representantar til styret i 2016 vil føretaket vere i utakt med resten av føretaksgruppa som har val i oddetalsår. Det er ønskeleg å komme i takt med dei andre føretaka, noko som krev at ein i dette valet får tenestetid på eitt år.

I høve til uttale frå Bedriftsdemokratienemnda knytt til tilsvarende situasjon i Sjukehusapoteka Vest HF syntes ein semje om valperiode blant leiing og tilsette i føretaket å vere tilstrekkelig for at det kan gjennomførast val med ein valperiode som avvik frå forskrifta.

Problemstillinga rundt ønske om å komme i takt med dei andre føretaka og ha ein kortare tenestetid for tilsettere representantane for første valperiode, vart kommunisert til dei tilsette på felles samling for Helse Vest Innkjøp HF i desember. Valstyret kunngjorde også valperioden for eitt år ved kunngjøring om val som ble meldt i veke 3. Det har ikkje komme nokon innvendingar mot valperioden og dei tilsette og leiinga i Helse Vest Innkjøp HF må derfor etter dette seiast å vere samd i at det vil være ein fordel at føretaket er i takt med resten av føretaksgruppa slik at tenestetida for det første valet kan være for eitt år og deretter for to år frå neste valperiode.

I tillegg til føringar i *forskrifta*, har Helse Vest Innkjøp også ein føring for valperiode i § 7, 4. ledd i føretakets vedtekter. Dei andre føretaka i Helse Vest har ikkje slik føring liggande i sine vedtekter, og eigaravdelinga i Helse Vest RHF anbefaler Helse Vest Innkjøp på denne bakgrunn at ein søker å endre vedtektene ved å fjerne denne formuleringa før gjennomføring av valet. Dette med bakgrunn i at Helse Vest Innkjøp, ved ekstraordnært behov for eventuelt å avvike frå tenesteid i *forskrifta* (slik som no med avvikande valperiode), for framtida ikkje i tillegg må søke om å avvike frå eigne vedtekter. Sjølv endringane må vedtakast i føretaksmøte for Helse Vest Innkjøp, som er planlagt til 01.03.2016. Endringane vil då, som anbefalt frå eigar, kunne verte gjennomført før val av styre representantar av og blant dei tilsette som er sett til 16.03.2016.

Som ein følgje av dette blir det gjort framlegg om at Helse Vest Innkjøp HF sine vedtekter § 7 «Styret» blir endra frå:

«Helse Vest Innkjøp HF skal leiast av eit styre. Styret skal ha frå fem til sju medlemmar. Inntil fem styremedlemmer, medrekna styreleiar og nestleiar, blir oppnemnd av føretaksmøtet.

Styremedlemmar som er valt av og blant dei tilsette deltek ikkje i handsaming av saker som gjeld arbeidsgjevar si førebuing til forhandlingar med arbeidstakarar, arbeidskonfliktar, rettsvistar med arbeidstakarorganisasjonar eller oppseiing av tariffavtalar.

Det einskilde styremedlem skal ikkje representere geografisk område eller andre interessergupper.

Styremedlemmer har teneste i to år med mindre anna er bestemt av føretaksmøtet»

Til ny § 7:

«Helse Vest Innkjøp HF skal leiast av eit styre. Styret skal ha frå fem til sju medlemmar. Inntil fem styremedlemmer, medrekna styreleiar og nestleiar, blir oppnemnd av føretaksmøtet.

Styremedlemmar som er valt av og blant dei tilsette deltek ikkje i handsaming av saker som gjeld arbeidsgjevar si førebuing til forhandlingar med arbeidstakarar, arbeidskonfliktar, rettsvistar med arbeidstakarorganisasjonar eller oppseiing av tariffavtalar.

Det einskilde styremedlem skal ikkje representere geografisk område eller andre interessergupper.»

Konklusjon

Vedtektene i Helse Vest Innkjøp HF blir tilrådd endra som vist over ved at Helse Vest RHF, som eigar, gjer vedtak om endringa i føretaksmøte i Helse Vest Innkjøp HF 01.03.2016.